

Notat til Ims frå styret for Framnes kr. vgs. om evt. idrettshall

Innhald

Arbeidet til no.....	2
Behov.....	2
Fotballhall.....	3
Idrettshall	3
Finansiell situasjon	4
Eigarforhold.....	6

Arbeidet til no

Tanken om eigen idrettshall strekkjer seg tilbake til 1997, då Framnes endra fagtilbodet sitt til også å inkludere eiga idrettslinje. I den seinare tida har saka vore til handsaming i mange fora frå vinteren 2009. Strategiplanen for Framnes som strekkjer seg frå 2012 til 2022 har mellom anna som mål å få realisert ein idrettshall for Framnes. Styret for Framnes drøfta i perioden 2012-2013 eigarskapsmodell for ein idrettshall med styret for Ims, og Ims sitt årsmøte i 2013 gjorde vedtak om at det kunne byggjast hall på Framnes.

I perioden frå våren 2012 til våren 2013 vart det arbeidd med å få omregulert eit aktuelt område på Vikøyevja til skuleformål. Reguleringsplanen vart godkjent i mai/juni 2013. Etter årsmøtevedtaket 2013 oppretta Framnes ein plankomite som la fram ein plan for arkitektur, romløyning og funksjonalitet for hallen. Arbeidet var ferdig i desember 2014. Det vart deretter oppnemnd ei kvalitetssikringsgruppe med arkitekt og ingeniørar innan ulike fagområde som kvalitetssikra arbeidet som var gjort. Resultatet er eit dokument som dannar grunnlag for rekning av anbud på hallen.

Behov

Tilbodet om idrettsfag medførte eit stort oppsving i elevtalet ved skulen og førte til utbygging av internat og utviding av elevtalet frå ca 130 elevar til 270 elevar. Idrett er ein viktig del av dagens ungdomskultur, noko som framveksten av organisasjonar som KRIK og CHRISC er gode eksempel på. Samtidig veit me at ein organisasjon som NLM har sitt eige tilbod om allidrett. At ein i kristen samanheng satsar så mykje på idrett seier noko om betydningen dette har i ungdomskulturen.

På Framnes ønskjer me å tilby «idrett i ei sunn innpakning» til både den som vil vere toppidrettsutøvar og den som ønskjer å «berre» kjenne på gleda ved å røre på seg utan å ha mål utover det. Me tilbyr derfor idrett også for dei som vel programområde innan studiespesialisering, - og det er mellom 50 - 70 elevar frå studiespesialisering på VG2 og VG3 som vel eit idrettsfag innan friluftsliv, breiddeidrett eller toppidrett. Dette er med å stadfeste at idrett betyr mykje for mange – også på Framnes.

Enkelte vil kanskje stille spørsmål om det er så viktig å byggje hall. Kan ein ikkje halde fram slik ein har gjort til no? Det har då fungert godt så langt! Saken er at Framnes er den einaste vidaregåande skulen i Hordaland som tilbyr idrett utan å ha eigen idrettshall til å drive idrettsaktivitet i. I seg sjølv er dette ein konkurransevridande faktor. Dette har ein så langt løyst ved å velje utandørsidrettar som fotball og ski. Det har fungert godt, men det er langt frå sikkert at det vil fungere like godt framover. Fleire av dei siste vintrane har vore ustabile. Vert det slik framover, må Framnes vurdere om skiaktivitet er det rette å tilby. Problemet er at me har ikkje så mange alternativ fordi me ikkje kan ha større idrettsaktivitetar innandørs., verken individuelle idrettar eller lagidrettar.

Slik romsituasjonen er i dag, er det ikkje råd å organisere undervisninga på ein optimal måte. Eksisterande hall er alt for liten (12m x 25m). Rammene for kva ein kan gjere med ein klasse på 30 elevar avgrensar då både kva aktivitet einkan undervise i og kor stor elevgruppa kan vere i forhold til aktiviteten. Eit anna forhold er at hallen ligg plassert inn til auditoriet. Det betyr at det er uråd å drive undervisning i auditoriet samstundes som det er undervisning i hallen der lydnivået er høgt, og ballar smell i vegg inn til auditoriet. Løysinga som me har i dag er derfor lite haldbar både for å drive forsvarleg undervisning i idrett/kroppsøving, og for organisering og gjennomføring av undervisninga i andre fag som ikkje får arbeidsro p.g.a. støy frå idrettshallen. Eit tredje moment er at begge dei to nemnde forholda gjer at fleksibiliteten i timeplanen vert mykje mindre enn den burde ha vore. Det er

ikkje råd å leggje timar i kroppsøvingfaga parallellt noko som skapar unødige bindingar på timeplanen. Det fjerde momentet er at skulen har for få og for små undervisningsrom. Ved å byggje idrettshall får ein frigjort dagens gymsal og kan byggje den om til fleire store klasserom. Dette vil lette romsituasjonen vår svært mykje! Eit femte og svært viktig moment er at Framnes kr. vgs. i dag må leige plass i idrettshallen i Norheimsund. Me har ikkje plass i gymsalen på grunn av at kravet om antall timar i faga har auka. Me har til no vore heldige og fått leige hall av Norheimsund barneskule, men me er då heilt avhengige av at dei sjølve ikkje har behov for denne plassen. Dette kan fort endre seg, og me får ikkje lovnad om anna enn å leige for eit år om gongen.

Fotballhall

Framnes ønskjer seg primært ein idrettshall med eigen fotballhall . Det er fleire grunnar til dette. Framnes har i dag lov å ta imot 270 elevar, me varierer i «normalåra» mellom 250 og 265 elevar. I eit normalår er det over 35 elevar som vel fotball, enten som toppidrett eller breiddeidrett.

Mange av elevane som bur i bygda vel Framnes nettopp på grunn av fotballtilbudet som dei opplever som mykje betre enn det dei kan få ved Øystese Gymnas. Framnes har fleire svært flinke lærarar som underviser på dette tilbudet, og som har spelt fotball på høgt nivå. Det er likevel avgrensa kva ein kan gjere vintersdag på ein snødekt og islagt fotballbane som må måkast for snø- og issørpe.

For å fylle opp dei siste plassane ved skulen er Framnes avhengig av heimebuarar. Me har om lag 225 elevar på internatet (og då er det fullt!) og me treng 45 heimebuarar for å nå målet om 270 elevar. Utan fotballelevar frå bygda, vil me miste om lag 15 elevar som utgjør meir enn overskotet ved skuledrifta.

I desse dagar satsar fylkeskommunen stort på å realisere ein ny vidaregåande skule i Kvam. Den skal samle både yrkesskulen og gymnaset. Me ser dette som ein stor konkurransevridande faktor i disfavour av vår skule.

Framnes ser det som ein reell fare å miste mange av elevane som bur heime, dersom me ikkje gjer noko nytt og anleis i tilbudsstrukturen vår særleg når det gjeld fotball. Dersom gruppa vert redusert med 15 elevar – og skulen ikkje klarer å fylle desse plassane med andre elevar – vil me kome ned i 235 – 250 elevar i eit «normalår». Det er for lite.

Andre viktige moment som Framnes vil dra nytte av, dersom ein fotballhall vert realisert er:

1. Framnes vil, som einaste aktør i Kvam med innandørs fotballbane, kunne tilby andre fotballag i bygda innandørs fotballtrening vinterstid. Dette vil kunne gjere bånd mellom Framnes og bygda elles endå betre (sjølv om me opplever dei som gode i dag også).
2. Fotballhallen vil gjere det muleg å avvike større arrangement utan å måtte ta i bruk skulebygget.
3. Den ekstra kostnaden vil verte liten i forhold til å måtte ta den igjen seinare.
4. Den ekstra kostanden som det vil vere å bygge fotballhallen på i etterkant, vil resultere i at det ikkje vert bygd fotballhall seinare heller.

Idrettshall

Framnes drøymmer om ein idrettshall med utvendige mål ca 70 m x 37 m. Ute, langs vegg på nordsida, er det eit enkelt overbygg til parkering av minibussar og nokre boder til lagring av diverse

utstyr. Deler av hallen er i to høgder. I første høgda er det eit inngangspartiet med eit vrimeleareal på ca 150 m², fire garderober, toalettanlegg, utstyrsrom for idrett og vedlikehald, samt eit lite kjøken. Her er ein håndballhall (23m * 44 m) og ein fotballhall (27m x 36m). I handballhallen er det ein klatrevegg på nordre veggen, og Det er tribuneanlegg som kan fellast inn i veggen. Her er et sitjeplass til over 300 personar. I den andre høgda er det både rom som kan nyttast til ordinær undervisning og styrke- og uthaldstrening. I tillegg er det tribune plass til over 200 personar.

For å få ned kostnaden er det gjort fleire ting. Det alt vesentlege av planarbeidet, også berekningar, konstruksjonar og teikningar er gjort på dugnad. Det er berre gruppa som har kvalitetssikra teikningar og andre planlagde løysingar og funksjonar som utfører arbeid på lønna basis. Truleg har dette spart Framnes for fleire millionar kroner i samband med planlegging.

Framnes har valt enkle og rimelege løysningar i hallen. Det er lite bruk av fliser og mykje bruk av golvbelegg og baderomspanel. Me har valt å ikkje nytte golvvarme i hallen (som er standard i dag), men stråleovnar i tak. For å spare energi er det nytta dataovervåking av energiforbruken. Det er ei enkle løfteplattform i staden for ordinær heis. Framnes har også vald å ikkje byggje klatrevegg.

Ein må rekne med at prisen for hallen kjem på om lag kr. 35 000 000 – 40 000 000 eks. mva. Det vert gjeve pristilbod på heile hallen, men med eksplisitte prisar til fråtrekk for fotballdel.

Finansiell situasjon

Framnes kr. vgs. har i følgje leigeavtalen med Ims ansvar for alt utvendig og innvendig vedlikehald. I tillegg vert det betalt husleige for eigedom slik den vart utrekna i 2005/2006, og sidan justert etter konsumprisindeks. I dag betaler Framnes kr. vgs. kr. 3 210 588,- i husleige til Framnes eigedom.

Per i dag har Framnes ein relativt god eigenkapital på over 14,5 mill. I tillegg kjem innskott på Framnes eigedom (husleige frå Framnes kr. vgs.). Inkludert midlar som står på Framnes eigedom er eigenkapitalen over 23 mill.

I følgje tiltakslista som vart vedteke etter strategiarbeidet 2012, er det i dei næraste åra skissert følgjande behov til ulike investeringar:

Investeringsplan etter tiltakslista

2016	Idrettshall	35 000 000 – 40 000 000	
2016	Ombygging gymsal	6 000 000	
2016	Ventilasjonssystem	1 000 000	Run
2017	Ventilasjonssystem	1 000 000	dt
2018	Ventilasjonssystem	1 000 000	202
2020	Nytt pannetak Framheim	2 500 000	0
2021	Vurdere behov for nytt internat		må
			ein
			ogs
			å
			vur

dere internatsituasjonen og om det er behov for å byggje nytt internat eventuelt større renovasjon. (Det må imidlertid presiserast at dette er snakk om ei vurdering. Utfallet kan verte at internatsituasjonen er tilfredsstillande.)

Rekneskapen syner ein overskot på årsrekneskapen for kvart år sidan 2004. Samstundes viser rekneskapstala også at me må kunne tåle periodar innanfor rekneskapsåret som går med underskot. Dei åra der det har vore noko lågare elevtal (ca 245 – 250 elevar), har skulen også hatt lengre periodar med underskot. Dette er viktig å ta omsyn til. Det er ikkje å tilrå at skulen slepper seg langt ned på eigenkapitalen, men ein eigenkapital på kr. 7 mill til hallen er realistisk.

Tala for kostnaden for hallen er usikre, men Framnes kr. vgs. estimerer kostnaden for ein slik hall til minimum kr. 35 000 000,- eks. mva. Skulen kan pr. dags dato stille med ein eigenkapital på kr. 7 000 000,-. Det er då behov for eit banklån på kr. 28 000 000,-. I følgje Sparebanken Sør sin lånekalkulator vil eit annuitetslån på kr. 28 mill. med fast rente på 3,2 % i 10 år generere ei innbetaling på kr. 158 170 pr mnd. ink. omkostningar. Pr. år vert det kr. 1 898 037,-. Rekna frå april 2016 er 10 år april 2026. Restlånet er då kr. 13 254 136,-. Forutset ein at den flytande renta då har stige til 6 % utgjer månadleg innbetaling for eit lån på kr. 13 254 136,- med nedbetaling over 10 år, kr. 147 226,-, og årleg innbetaling kr. 1 766 710,-.

Ut frå dette vurderer styret for Framnes det slik at skulen har økonomi til å bygge hallen, med (eventuelt også utan) fotballhall. Det forutset at Framnes eigedom tilbakefører kapitaltilskot til Framnes tilsvarande avdrag og lån for hallen.

Styret for Framnes trur dette prosjektet vil bidra til at Framnes framleis kan spele ei viktig rolle i misjonsoppdraget vårt, «Eit rikt ungdoms- og skulemiljø som ber frukt både på det menneskelege og det kristelege plan» (Ljosglytt sept. 1997 s. 21).

Når det gjeld ombygging av noverande gymsal, vert det i forståing med lms lagt opp til at kapitalen i Framnes eigedom kan nyttast til dette arbeidet.

Drift

Personalkostnad (reinhald)	259 000
Energiforbruk (maks)	459 000
Kommunale avgifter	70 000
Forbruksmateriell	40 000
Inventar og utstyr	
Vedlikehald bygning	0
Vedlikehald teknisk	20 000
Driftskostnadar	848 000

Det er særleg kostnadar til reinhald, straum og kommunale avgifter som vil auke driftsbudsjettet i dei næraste åra. I følgje KVS Lyngdal bruker ein om lag kr. 600 000 for drift av deira hall som er omtrent like stor som den me planlegg. Dei aukte kostnadane er forutsatt løyst ved at elevane betaler ein kapitalkostnad/husleie pr år. Det vil gi ei inntektsauke på ca kr 500 000 pr år. Det resterande må dekkjast inn over driftsbudsjettet eller på annan måte.

Eigarforhold

Styret for Framnes kr. vgs. ser det som ein stor fordel at skuledrifta held fram som i dag med to eigarar i skuledrifta. Me trur at dette vil sikre eit breiare nedslagsfelt i misjonsfolket, både med tanke på forbønn, omtanke og kjensle av eigarskap og å høyre til, men også med tanke på at Ims og ImF saman vil kunne drifte skulen betre og lettare kunne rekruttere styremedlemmer til denne drifta.

Styret for Framnes kr. vgs. ønskjer at Framnes kr. vgs. står som utbyggjar for å kunne spare moms, slik Ims sitt årsmøtevedtak frå 2013 også legg opp til.

Styret for Framnes kr. vgs. føreslår at følgjande moment vert med i eit forslag til vedtak på årsmøtet til Ims:

Styret for Framnes kr. vgs. bed om at styret for Ims vurderer innhaldet i følgjande moment som del av vedtak på Ims sitt årsmøte:

1. Framnes kr. vgs. bygsjar tomt av Ims og byggjer på denne.
2. Framnes kr. vgs. kan låne inntil kr. 28 mill. med pant i eigedommen på Framnes.
3. Framnes kr. vgs. får tilbakeført kapitaltilskot tilsvarande renter og avdrag frå Framnes eigedom for å betale renter og avdrag for hallen.
4. Kapitalen i Framnes eigedom går inn som kapital i ombygging av nåverande gymsal.
5. I tilfelle nedlegging av skuledrifta regulerer skulen sine grunnreglar tilbakeføring til Ims av bygningar som Framnes kr vgs har bygd.
6. Framnes kr. vgs. vil i tillegg kunne ha behov for midlertidig lån til dekning av moms, og me reknar med at dette vert dekkja via byggjelånet.

For styret ved Framnes kr. vgs

Knut Hogstad Nilsen, styreleiar

Harald Voster, rektor